

Gjevarteneste i Brynekyrkja



“

**Korleis kan dei tru på ein  
som dei ikkje har høyrte om?  
Og korleis kan dei høyra utan  
at nokon forkynner?**

*Romarane 10:14*



**Bryne  
Kyrkja**

# “AT BARN OG UNGE PÅ BRYNE SKAL SJÅ KVEN JESUS ER, TRU PÅ HAN OG FYLGJA ETTER HAN.

- Alt me gjer har dette som siktemål.

## BARN OG UNGE I BRYNEKYRKJA

**D**en kristne trua vert ikkje automatisk overført til nye generasjonar. Barn og unge treng å møta levande tru, varme kristne menneske som kan vera vegvisarar og medvandrarar.

**H**austen 2019 starta kyrkjelyden, saman med dei andre kyrkjelydane i soknet, opp prosjektet Ung i Time. Dette er eit samarbeid mellom kyrkjelydane i soknet for å vitalisera ungdomsarbeidet i Time. Kyrkjelyden har mange frivillige, og slik må det vera. Me treng til ei kvar tid pengar for å løna tilsette utover det me får som tilskot til trusoplæringa

**B**ibelen seier mykje om det å gje, at me er forvaltarar og at me skal gje vidare av det me har fått. Trua vår må visa seg i handling i korleis me forvaltar løna eller pensjonen vår anten den er stor er liten. Paulus skriv i 2. Korinterbrev 8:2-6 om dei kristne i Makedonia som eit førebilete:

*“For sjølv om dei har vore hardt prøvde i si naud, har den overstrøymande gleda og djupe fattigdomen deira gjort dei rike og villige til å gje. Dei gav etter evne, det kan eg vitna, ja, over evne, og det frivillig. Inderleg bad dei om å få vera med på gáva saman med oss i denne tenesta for dei heilage. Og dei gav ikkje berre slik som vi håpa. Nei, seg sjølve gav dei, først til Herren og så til oss, som Gud vil det.”*

**K**orleis er det med deg og meg? Fast gjevarteneste er ein enkel måte for den einskilde å vera med og gje til kyrkjelyden på. Som fast gjevjar får du skattefrådrag for beløp mellom kr 500,- og kr 25.000,-. Kvart år får du tilsendt årsoppgåve som syner kor mykje du har gjeve. Opplysingane vert sende til skattestyresmaktene frå kyrkjekontoret, dette vil syna i skattemeldinga di.




## SKATTEFRÅDRAG

Du kan få skattefrådrag på gåver du gjev til Brynekyrkja på opp til kr. 25.000,- pr kalenderår (utgjer kr. 2.083,-/mnd).

Minimumsgrensa for frådrag er kr. 500,-/år.

*Bedrifter kan også få skattefrådrag.*



Fyll ut svarkupongen på baksida eller gå inn på [brynekyrkja.no/fastgjevar](https://brynekyrkja.no/fastgjevar) og signer avtalen med BankID.



## VI VIL GJERNE GJERA MEIR!

**V**i har mykje bra trusopplæring. Trusopplæringsplanen sikrar ei systematisk og samanhengande trusopplæring 0-18 år. Det inneber spanande arrangement og tiltak kvart år for dei ulike aldersgruppene. Døme på dette er Krøllekveld for 3-åringar, Førsteklasses for 1.klassingar og 12 Hours festival for 11-13-åringar (saman med Time og Undheim).

**E**tter konfirmasjonstida er det få tiltak i sving. Det ynskjer vi å gjere noko med, blant anna KonfReunion for 10. klassingar og Life Choice for 18-åringar, som begge står i trusopplæringsplanen.

**V**i vil at alle på Bryne skal høyra evangeliet om Jesus. For å få til dette treng kyrkjelyden støttespelarar som gjennom gjevarteneste, frvillig innsats og bøn er med og tek ansvar. Viss ikkje du tek ansvar, kven gjer det då?

## ME TRENG FLEIRE GJEVARAR!

ER DU ALLEREIE MED PÅ GJEVARTENESTA VIL VI UTFORDRA DEG TIL Å VURDERA OM DU KAN AUKA BIDRAGET DITT. TA EVNT. KONTAKT MED KYRKJEKONTORET. DI GÅVE ER VIKTIG.

## DI GÅVE ER VIKTIG

Vi ønskjer å driva ei sunn kyrkje på alle område, også økonomisk. Faste gjevarar gjer det mogleg for oss å ha tryggleik og betre oversikt på økonomien.

Time kyrkjekontor  
Erlandsbakken 6  
4340 BRYNE  
Tlf. 51 77 03 77

[kyrkjekontoret@time-kyrkja.no](mailto:kyrkjekontoret@time-kyrkja.no)  
[brynekyrkja.no](https://brynekyrkja.no)

# SVARKUPONG

## EG VIL GJE FAST KVAR MÅNAD:

(Kryss av for beløpet du ønskjer å gje)

 **250,-**  
pr.mnd **500,-**  
pr.mnd **1000,-**  
pr.mnd **1500**  
pr.mnd \_\_\_\_\_  
pr.mnd

## EG ØNSKJER:

 Skattefrådrag - Fødselsnummeret mitt: 

For firma; organisasjonsnummer:

 Å få tilsendt giro i posten  
istadenfor å nytta AvtaleGiro **EG ØNSKJER AVTALEGIRO****Avtale Giro**

Namn: \_\_\_\_\_

Adresse: \_\_\_\_\_

Postnr: \_\_\_\_\_ Stad: \_\_\_\_\_

Grense for sum pr trekk: \_\_\_\_\_  
(Må vere det same som terminsum eller høgare)

Mottakar:  
**Bryne Sokneråd**

Mottakars bankkonto:  
**3325.25.07057**

 Ønskjer ikkje varsel  
i forkant av trekk  
(Brynekyrkja sparar bankgebyr)

Summen vert trekt frå kontonummeret mitt:  
(den 20. i månaden)

Stad: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_ Signatur: \_\_\_\_\_

KID (fyllest ut av kyrkjelyden)

Svarkupongen leverast/sendast i lukka konvolutt til:

**Bryne Sokneråd**  
**Postboks 373**  
**4349 Bryne**

I samsvar med Personopplysningslova av 14. april 2000, informerer vi om dette: Når du støttar kyrkjelyden, vil vi lagre informasjon om at du har gjeve. Vi gjer også merksam på at du i framtida kan kome til å få tilsendt materiell fra kyrkjelyden. Kyrkjelyden vil ikkje utlevere namnet og adressa di til andre med unntak av eventuelle krav frå offentlege styresmakter, til dømes skatte Staten med opplysningar som gjeld eventuelt skattefrådrag.